

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 17.10.2018

I samband med sak RS 57/18 ba utvalet om at fylkesrådmannen kom tilbake med ei sak.

Sak 58-59/18 og 61-67/18 vart refererte.

I samband med sak RS 60/18 sette **Marthe Hammer (SV)** fram slikt forslag til vedtak:

«MISA ber om at det vert fremlagt ei sak med forslag til konkret oppfølging av de tilrådde forslaga til avbøtende tiltak i rapporten som gjeld kantstopp øvre Kråkenes.»

Utvalet tok stilling til om forslaget skulle realitetsbehandlast. 13 av representantane røysta mot at forslaget skulle realitetsbehandlast. Forslaget vart dermed ikkje realitetsbehandla, jf. kommunelova § 34 nr. 1, 2. setning.